# Helgahelsing

Årgang 62 - Nr. 3
OKTOBER 2016

Odda Tyssedal Røldal Skare



**DEN NORSKE KYRKJA**

## Odda og Tyssedal sokn

*Kyrkjekontoret i Odda*
Almerket 17
Postadresse:
Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00
E-post: *post@oddakirken.no* fax 53 65 09 01
Nettadresse: *www.oddakirken.no*
Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00
Sekretær Angunn Handegard Trå

**Direkte telefonnr.**

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05
e-post: *soknepresten@oddakirken.no*
Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06
e-post: *diakonen@oddakirken.no*
Trusopplærar Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04
e-post: *pedagogen@oddakirken.no*
Kyrkjeverje Greta Nordlund tlf. 53 65 09 07
mob. 481 03 285
e-post: *kirkevergen@oddakirken.no*
Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09
e-post: *kantoren@oddakirken.no*
Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10
e-post: *organisten@oddakirken.no*

*Kyrkjetenarar*
Olav Andor Lono mob. 416 64 018
Jannike S. Stave mob. 950 06 055
Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

## Røldal og Skare sokn

*Kyrkjekontoret i Røldal*
Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40
fax 53 64 18 52
E-post: *soknepresten.iros@oddakirken.no*
Sokneprest Arne Sveinung Nataas

---

**Odda sokneråd**
Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147
**Røldal sokneråd**
Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491
**Skare sokneråd**
Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70
**Tyssedal menighetsråd**
Leder Airin Nesse mob. 924 83 405
**Odda kyrkjelege fellesråd**
Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

## HELGAHELSING

*Redaksjon:*
Gunvor Stana Seljestad
Paweł Cabała - utforming
E-postadresse: helgahelsing@gmail.com

**Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.**

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Side 1: Vøringsfoss, foto: Paweł Cabała
Side 16: Jardins du château de Versailles, foto: Paweł Cabała

# Antropologi og konsekvensene



Hvem er mennesket? Antropologi er læren om mennesket. Antropologiens grunnleggende anliggende er definisjonen av menneskelig liv og opprinnelse. I dag mener de fleste at vi er et resultat av en tilfeldighet, en uhell, ikke noe mer enn en del av dyrenes verden. Også de kristne aksepterer som regel evolusjonsteorien som faktum. Men hver idé har sine konsekvenser. Hvis vi er et resultat av tilfeldighet, har vår eksistens ingen mening. Ved å lære de unge generasjonene på skolen om evolusjonsteorien, har moderne samfunn på en demokratisk måte valgt å si til ungdommen at deres liv ikke har noe mål. Ikke nok med det. Det demokratiske samfunnet har valgt å skille stat og kirke. Som konsekvens kan ikke kristen ideologi bli uttrykt på skolen. Statens undervisningsmonopol tilbyr til ungdom bare én beskjed: du er ikke noe mer enn et dyr, livet ditt har ingen mening, du er resultatet av et uhell.

Hva sier Bibelen?
*„Gud sa: «La oss lage mennesker i vårt bilde, så de ligner oss! De skal råde over fiskene i havet og fuglene under himmelen, over feet og alle ville dyr og alt krypet som det kryr av på jorden.» Og Gud skapte mennesket i sitt bilde, i Guds bilde skapte han det, som mann og kvinne skapte han dem. Gud velsignet dem og sa til dem: «Vær fruktbare og bli mange, fyll jorden og legg den under dere! Dere skal råde over fiskene i havet og over fuglene under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorden.» Og Gud sa: «Se, jeg gir dere alle planter som setter frø, alle som finnes på hele jorden, og alle trær som bærer frukt med frø i. Det skal dere ha å spise. Og til alle dyr på jorden og til alle fugler under himmelen og til alt som kryper på jorden, alt som har livsånde i seg, gir jeg alle grønne planter å spise.» Og det ble slik.”* (1 Mos Kapittel 26 - 30)

Gud gav oss livet og skapte oss i sitt bilde. Han gav oss verdi, oppgave og ansvar for verden. *„Du satte ham lite lavere enn Gud og kronet ham med herlighet og ære.”* (Sal Kapittel 8). Gud gav oss også frihet til valg. Valget er vårt! Velger vi å bli Guds barn, den geniale utformingen? Tar vi ansvar for skapelsen? Eller velger vi å bli følge av „det store smellet”? Smellet uten begrunnelse, uten gjerningsmann. Uansett hva vi velger, må vi håndtere konsekvensene. Som „dyr”, følger vi bare våre instinkter, vi leter etter mat og nytelser. Vi tar ikke noe ansvar for våre gjerninger og for framtiden. Som Guds barn er vi pålagt å følge Guds regler. Vi må oppføre oss i samsvar med den ære vi har fått. Nesten som Gud selv, må vi være fornuftige. Vi kan ikke misbruke jordiske ressurser og behandle våre medmennesker urettferdig. Vi må ta vare på oss selv. Derfor har kristne verdier skapt gode samfunn for alle. Når vi forkaster kristendom fra den offentlige sfære, fordømmer vi oss til utslettelse.

*Paweł Cabała*




Høsten har begynt å gjøre sitt merkbare inntog. Solen står lavere på himmelen, det er kaldere i luften og et og annet ekstremvær har feid inn over våre nærområder. De første tegn på fargeskifte i bladene er observert. Snart vil løvet falle fra trærne, og grenene står nakne tilbake. Det blir vinter.

Jeg sitter og skriver ned disse tankene på den søndag i kirkeåret som kalles «Høstens påskedag». Bibeltekstene for denne dagen forteller om Jesu makt over døden, konkretisert i fortellingene om at han reiser opp fra de døde en ung gutt, ei lita jente og sin venn Lasarus. Slik gir han håp om at alle som tror på ham, selv en gang skal bli reist opp fra de døde. Når dødens vinter har tatt oss til fange, skal Han på oppstandelsens dag rope oss inn til livet, det evige liv. Jesus sier: «Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø.» (Joh 11,25-26)

«Visst skal våren komme!», synger dikterpresten Eyvind Skeie. Da er det den nye våren i Guds evige rike han synger om.

*Visst skal våren komme, visst skal jorden bli ny,*
*visst skal solen flomme fra en himmel uten sky,*
*visst skal noen danse, visst skal noen le,*
*visst skal barna klatre høyt i livets tre!*

Enn så lenge skal vi få glede oss over alt det gode og positive høsten bringer med seg. Så får vinteren bare komme. Jeg vet at det er en vår i vente.

*Margrethe Ølberg*

**Minneord:**

# Per Lønning i Bergen og Bjørgvin

**31.8.2016**



Tidligere biskop i Bjørgvin, Per Lønning døde den 21. august 2016. De etterfølgende biskopene, Ole D. Hagesæther og Halvor Nordhaug, har skrevet et minneord om Lønning.

Per Lønning var av de aller mest betydelige kirkeledere vi har hatt her i landet etter krigen, skriv dei to etterfølgjande Bjørgvin-biskopane i dette minneordet.

Per Lønning kom hjem da han som 36 åring ble utnevnt som domprost i Bergen. Han var født i Bergen og hadde slektsrøttene fra Hordaland. Han hadde doktorgrad både i teologi og filosofi og var en kjent politiker. Med en slik bagasje vil en kunne tenke at han hadde overkjørt et prestekollegium som nesten uten unntak var eldre enn han. Men slik ble det ikke.

Han var en inspirator og et forbilde både som menighetsprest og som leder. Mange ble forbløffet da domprosten uanmeldt sto på trappen og ville hilse på hos "hvermannsen" i menigheten. Han fylte Domkirken når han inviterte til temakvelder eller samtalekvelder der han hadde med seg profilerte og meningsdyktige personer på prekestolen. Hver uke samlet han prestene i prostiet: Først til morgenandakt i Johanneskirkens kapell, og dernest til tekstgjennomgåelse og matpakke hjemme i domprostboligen på Sydneshaugen.

Det var nok ikke lett for Lønning å si ja til det kallet han fikk da bispedømmerådet ønsket å nominere ham til biskop i 1987. I kamp mot ny abortlov hadde han gått av som biskop i Borg i 1975, og i Bjørgvin var abortsaken fortsatt et høyprofilert stridstema. Det var et tydelig opplevd kall fra Gud og kirken som gjorde at han sa ja. Dette "kallet ovenfra" ble en forankring for tjenesten hans hele denne siste tiden.

Lønning fikk 7 år som biskop i Bjørgvin. Han utviste stor handlekraft og tok sjelden taktiske hensyn. Mange i bispedømmet kan fortelle om episoder hvor Lønning uten diskusjon ryddet vekk julegleder og annet upassende inventar fra alter og kirkerom når han kom på besøk.

Lønning ruvet så lenge han var i embete. Han valgte å slutte som biskop da han var 66 år. En grunn til hans forholdsvis tidlige avgang var at han på denne måten håpet å stå friere til enda ivrigere kamp for kirken i samfunnet. Men uten en plattform og posisjon ble han dessverre i langt mindre grad hørt. I ettertid så han at han sluttet for tidlig, og det er en vurdering mange vil dele.

Per Lønning var av de aller mest betydelige kirkeledere vi har hatt her i landet etter krigen. Hans kapasitet var ekstraordinær. Men i alt han var og gjorde, ville han først og fremst være en Kristusforkynner og en formidler av evangeliet. Svært mange er takknemlige for tjenesten han gjorde som biskop og domprost her i Bjørgvin og Bergen. Som Lønnings etterfølgere som biskoper i Bjørgvin ser vi mange spor etter en uvanlig verdifull tjeneste. Vi lyser fred over Per Lønnings gode minne.

*Halvor Nordhaug*
*Ole D. Hagesæther*



# Diakonens hjørne

*Annlaug H. Engmark*



## SAMLING RUNDT EIT BÅL

Hausten er her og me har minna frå sommaren med oss inn i haustmørkret. Tankane mine går til speidarane som samla seg rundt bålet om kveldane på leir. Det var ei eige stemning rundt bålet når kvelden gjekk over til natt. I skumringa ved bålet senka me skuldrene og praten gjekk lett om kva dagen hadde innehalde av program.

I alle mine år som speidar har samlinga rundt bålet gjeve meg mange gode minner og opplevingar. I ljos av flammane kunne alvorlege samtaler finna ein god plass. Kjende og kjære salmar og speidarsongar har vore sunge. I knitringa frå bålet har ein vore samla i stillheit. Samling rundt bålet har til tider vore reine terapien for det som rørde seg i ein speidar. Ein fekk lagt i frå seg det som tyngde og etterpå krype ned i soveposen med ein god ro inne i seg. Klar til å møta ein ny dag og nye mogelegheiter.

Bente Bratlund har skrive eit fint dikt om kva bålet gjer med oss. Frå heftet «Kort møte» 1991

«SOM SMÅ BÅL»

Som små bål skulle vera  
for kvarandre  
når det er kaldt  
når vind trengjer inn  
og hud søker hud  
Som små bål  
Ei hamn å ankra i  
Ei hamn å stemnar  
ut frå

Slik eit bål kan me vera for kvarandre!

## «EIN GANG ALLTID TREFF»

KFUK-KFUM speidarane

Mimrekveld for tidligare speidarar i Odda kommune.  
**Onsdag den 19. oktober kl.18.00 på Odda Soknehus.**  
Ta gjerne med bilete og speidarklede / artiklar om du har.  
Bidra gjerne med gode historier!  
Servering av gryterett og kaker. Kr. 150,-

NORGES SPEIDERFORBUND

Påmelding til Odda kyrkjekontor 53650900 / 48176830 innan 12. oktober

Fortel gjerne andre du kjenner som har vore speidar i Odda og kom i lag til dette treffet.  
I Odda og Tyssedal stod speidararbeidet sterk frå det vart starta på 1920 talet her hjå oss.  
Til dømes er KFUK speidararbeidet 90 år 28. mars 2018

Ideen til Speidarabeidet hadde Lord Baden Powel frå England. Første speidarleiren var på Brownsea Island i 1907. Til dømes vart KFUK speidarane stifta i 1928 og KFUM speidarane i 1945. Medan Norsk Speiderguttforbund vart stifta i 1911.  
Våre to speidarforbund i dag Norges KFUK-KFUM speidarar og Norges Speiderforbund. I dag har me berre KFUK-KFUM speidarar hjå oss.

Vel møtt til treff og mimring over ei flott speidartid.



*Annlaug H. Engmark*  
Gruppeleiar i dag

# ODDA SPEIDARAR PÅ KRETSLEIR



Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidarar har hatt kretsleir i Nedstrand frå 25. juni til 1. juli. 7 speidarar og ein leiar drog til Nedstrand i privatbilar godt hjelpne av foreldre og ein bestefar. Til saman vart me 472 speidarar på leiren i tillegg til alle som var innom på besøk den veka leiren varte. I løpet av første dagen var telta våre på plass, inngangsportal laga og fint nok bord til å romme oss alle. Raiene (tre stokkar) me skulle laga fleire bygg av var store som tømmerstokkar. Difor gav me opp fleire byggverk. Eit stort jordet vart forvandla til ein teltlandsby full av speidarar. Utover veka hadde me mykje program som bibeltimar, marknad, skattejakt, haik, leirbål m.m. Speidarkunnskapen vart testa og dei som ikkje kunne, fekk lære.

Mottoet for leiren var «Heilt på jordet». Om morgonen før kvar bibeltime, vart det gøymd ein stor leikesau som speidarane kunne leite etter. Den heldige finnar fekk sjølv ein liten leikesau. Leirpresten vår heldt bibeltimane med mellom anna utgangspunkt i sauen som var forsvunne. Leirpresten vår hadde og laga til eit kapelltelt med nydeleg utsmykking. Der kunne speidarane kvile seg når dei trengte det.

Etter ei veke på leir kan speidarane det meste med å bu tett i eit telt i sterk vind og regn. Sortera mellom våte og tørre klede vart dei og gode på. Me hadde heldigvis tilgang til innandørs tørkerom!


















Speidarane handterte øks og sag og sørga for at me hadde nok ved til bålpanna vår om kveldane. Me var litt moderne og kokte maten vår på propangass. Elles måtte speidarane dela på å laga mat og vaska opp. Eit døger var det «Haik». Då valde alle speidarane mellom fira ulike turruter og vart samla til felles overnatting utan telt i naturen. Fem av våre speidarar var med på haiken medan to fekk seg ein flott dag i Haugesund.

Samhald og omsorg for kvarandre er viktig. Været vart meir utfordrande enn det me hadde forventa. Små bekkar dukka opp ved sidan av og under telta, grasvegane vart til gjørma og dei vart prøvd dekka av spon. Antrekket vart regnklede med ull under og speidarskjorta. Ein leir som førde oss enda meir saman grunna alle ekstra utfordringane. Så då alle telta vart pakka ned og leiren var slutt, gjekk tankane til neste leir me ynskjer å dra på. I 2018 er det landsleir i Trondheim. Og kanskje vert det gruppeleir med gode speidarnaboar i Sand og Suldal i 2017 slik at leirlivet vert heldt i hevd.

*Annlaug H. Engmark*

# Pilegrimsstevnet i Røldal 1. - 3. juli 2016

VANDRING og REISE er fellesnevner for deltakere som kommer til pilegrimsstevnet i Røldal. Det er mange måter å komme fram på. Noen bruker beina, andre kjører bil eller det kan være en kombinasjon av dette. Noen har lang vei, andre kort.

En vandring eller reise er en forflytning i ytre landskap. Det ytre landskapet er variert. Det veksler mellom skog og åpne plasser, lavland og fjell, støy og stillhet. Med tid for egen refleksjon kan en slik forflytning gi en gjenspeiling av det indre landskapet. Vi bruker til og med ord som kan beskrive hvordan vi opplever det; livet som motbakke, kronglete, lyst og lett, for å nevne noen.

Forfatteren Edvard Hoem setter ord på et slikt landskap:

*Så herleg er den grøne jord*
*med store fjell og vide hav,*
*så enkle er dei lovnadsord*
*som ber oss over død og grav.*
*Kom heim, kom heim, du barn som rak*
*så vide om, før sol gjekk ned!*
*Kom heim, og kjenn den milde smak*
*av nådens sol, og himlens fred.*

Norsk salmebok nr. 333, vers 3



Veien til Botnen

Det å bruke tid på en tidsavgrenset vandring åpner opp for glede og takknemlighet. Det gir ofte nye perspektiver i eget liv, i spørsmål en er opptatt av og utfordringer en står oppi.
Å vandre i ytre og indre landskap på samme tid rommer en mulighet til å se sammenheng – sammenhengen mellom det skapte og skaperen, mellom mennesket og Gud.

I Røldal kirke henger krusifikset som et synlig tegn.



Framme! -gr. fra Stavanger 2016

Pilegrimsstevnet i år hadde nærmere 40 påmeldte. Vandrerne kom blant annet fra Hovden, Seljord og Stavanger. I tillegg kom de som ønsket å delta på selve stevnet.

I korsvandringen lørdag kveld gikk 95 mennesker fra Bruhølen til Røldal stavkirke.
Der fikk vi delta i en nylig skrevet pilegrimsmesse, med lystenning og bønnevandring. Denne messen ble også sendt som radiogudstjeneste 24.07.16.

Som kirke har vi en unik mulighet til å møte mennesker. Til å se dem, lytte til erfaringer fra ytre og indre landskap og inkludere dem i et felleskap.

Forfatteren av pilegrimsmessen som ble brukt under stevnet, Anne Kristin Aasmundtveit, berømmet den gode måten Røldal tok imot pilegrimer på.

Det er betryggende å få en slik tilbakemelding fra ei som kjenner pilegrimssteder i inn- og utland bedre enn de fleste.

Med dette bakteppet tar menigheten med frimodighet fatt på planlegging av et nytt pilegrimsstevne 2017.

Liv Karin Larsson
(bilder: Eirik Moe)

# REFORMASJONSJUBILEUM 2017

Tekst og foto: **Njål Engmark**

Til neste år er det 500 år sidan Martin Luther kom med sine 95 tesar mot avlatshandelen. Det var den 31. oktober 1517 tesane hans vart slått opp på døra til Slottskyrkja i Wittenberg. Luther var då munk og prest, og professor i bibelfag ved det unge universitetet i Wittenberg, som slett ikkje var nokon stor by. Nesten sju år tidlegare hadde Luther vore i Roma som pilegrim, der han tok del i fleire av dei botsøvingane som var vanlege den gongen. Det åndelege gjennombrotet hans kom noko seinare, mens han arbeidde med bibelførelesingane sine, særleg over Romarbrevet og Galatarbrevet.

Det låg alt reformasjon i lufta på den tida. Fleire hadde teke til orde for endringar i kyrkja si misbruk av makt, og to av dei mest kjende var John Wycliffe (ca. 1325 - 1384) i England og Jan Hus (ca. 1369 - 1413) i Bøhmen (noverande Tsjekkia). Luther òg kritiserte kyrkja, særleg for avlatshandelen. Det var trong for pengar til å bygga Peterskyrkja i Roma, og det vart selt avlatsbrev i stor stil for å skaffa pengar til føremålet, og det vart sagt: «Når pengane i kista klinger, sjela ut av skjærselden springer.»



Luther-statuen på torget i Wittenberg.



Lutherhuset i Wittenberg, tidlegare kloster.

Luther spurde seg: «Korleis finn eg ein nådig Gud?: » Svaret han fann i Bibelen var at nåden ikkje kan kjøpast for pengar, men at Guds rettferd og frelse vert gjeven ved «nåden åleine,» motteken ved «trua åleine,» gjennom «Kristus åleine,» med «Skrifta åleine,» altså Bibelen, som lærenorm i kyrkja.

Når Luther publiserte tesane sine, var det meint som framlegg til debatt om avlatshandelen, mellom kollegaene ved universitetet og andre i byen. Luther så ikkje for seg at det skulle enda med brot mellom han sjølv og dei som følgde han, og kyrkja elles. Men det gjekk så langt at Luther vart dømd på Riksdagen i Worms i 1521, og sidan hadde han dødsdomen hengande over seg resten av livet.

Dei siste femti åra har det skjedd ei stor tilnærming mellom den katolske og den lutherske kyrkja. På sjølve reformasjonsdagen i år vil Pave Frans vera i Lund i Sverige. Han skal møta leiinga i Det Lutherske Verdsforbundet og han skal ta del i ei katolsk-luthersk gudsteneste, og slik innleiast på sett og vis reformasjonsfeiringa i Norden.

Det vert ei omfattande reformasjonsfeiring i mange land rundt i verda. I Europa er Wittenberg naturleg nok sentrum for feiringa, men mange andre stader vert det òg feiringar. I Noreg blir Bergen sentrum for feiringa. Der vert det Lutherfestdagar i tida 3.-5. mars med mange ulike arrangement. Eit europeisk reformasjonsprosjekt i 19 land «Europeisk vegkart for reformasjonsjubileet 2017» er eit prosjekt som gjennomførast av Den evangeliske kyrkja i Tyskland (EKD) i samarbeid med 47 kyrkjer på 67 stader i 19 europeiske land. Det er ei reisande utstilling, en «storymobil» som drar frå stad til stad. I Noreg er Bergen den einaste stoppestaden. Når Bergen er knytt til dette europeiske vegkartet, er det fordi dei fyrste spora av luthersk påverknad i ein norsk by, finnast der.

I den einskilde kyrkje vert reformasjonen feira med temagudstenester hausten 2017. Saman med andre lutherske kyrkjer i alle verdsdelar har Den norske kyrkja valt å setja søkelys på tema som er svært sentrale for kyrkjene i dag: Hovudtema er «Nåde», med tre undertema: «Frelsa er ikkje til sals», «Menneske er ikkje til sals» og «Skaparverket er ikkje til sals». På sjølve reformasjonsdagen, tysdag 31. oktober 2017, blir det ei nasjonal økumenisk gudsteneste i Nidarosdomen, og det kan haldast lokal reformasjonsgudsteneste den dagen eller sundagen før.

I august-september i år var prestane i Bjørgvin bispedøme på studietur i to puljar til Wittenberg. Byen ligg i den tyske delstaten Sachsen-Anhalt eit stykke sør-vest for Berlin, ved elva Elben. Bileta syner nokre glimt frå denne reisa.



Katharina von Bora. Katharina og Martin gifta seg i 1525. Dei begge hadde tidlegare forlate klosterlivet.

**LysVaken**

Velkomen til ei annleis oppleving i kyrkja.

Tilbod til deg som går i 6. klasse

Tid og stad: *Odda kyrkje*
*Laurdag 26. november*
*Sundag 27. november*

Meir info kjem ☺

Odda, Tyssedal og Skare kyrkjelyd

STØRST AV ALT

DEN NORSKE KYRKJA

## Liker du å synge?
### Lyst til å bli forsanger?

Vi trenger forsangere ved gudstjenestene i Odda kyrkje.
Du kan være med i ei gruppe og synge ca. en søndag i måneden, eller du kan bare møte opp i kirka en time før gudstjenesten begynner.

Ta kontakt
med Paweł Cabała
(53650909 / 53643262)
hvis du har spørsmål

# Trosopplæringstiltak høsten 2016:

**Odda:**

- Samling for 4-åringer onsdag 12. oktober kl. 17.00 i Odda kyrkje
- Familiegudstjeneste med utdeling av 4-års bok 16. oktober kl. 11.00 i Odda kyrkje

**Røldal:**

- Familiegudstjeneste 16. oktober kl. 16.00 i Røldal kyrkje
- Familiegudstjeneste 27. november kl. 11.00 i Røldal kyrkje
- Høytidsverksted med jul som tema i november
- Barnesong og småbarnsong, - se egen annonse ➘

**Skare:**

- Høytidsverksted med jul som tema i november

**Tyssedal:**

- Samling for 4-åringer onsdag 19. oktober kl. 17.00 i Tyssedal kirke
- Familiegudstjeneste med utdeling av 4-års bok 23. oktober kl. 11.00 i Tyssedal kirke

**Odda, Tyssedal og Skare:**

- LysVaken 26. til 27. november i Odda kyrkje, - se egen annonse.

*GUD gir – vi deler!*

STØRST AV ALT



Jannike Starefoss Stave
trosopplærer

Det Norske Misjonsselskap

## Misjonslaget i Røldal hausten 2016

12. oktober, 9. november, 7. desember.
Onsdagar kl. 11.00 - 13.00, på bedehuset.
Kontaktperson: Liv Karin Larsson. Mob. 476 18 491

## BARNESONG i BEDEHUSET 0 – 3 år hausten 2016



Tirsdagar: 11. okt, 8. nov, 6. des
kl. 10.00 – 11.30

Ta med teppe til dei minste borna
(vi har gym-matter og reint golv)
Raggsokker/innesko
Matpakke, drikka
Kaffe/te får du av oss

KONTAKTPERSON:
Liv Karin Larsson,
mob: 476 18 491

## SMÅBARNSKAFÉ

STØRST AV ALT

Torsdager kl. 11.00 - 14.00 på Soknehuset v/ Odda kyrkje. Barn under skolealder med foreldre, besteforeldre eller dagmamma er hjertelig velkommen.

Vi kommer til å leike, synge og ha en hyggelig stund sammen.

**Ta med nistepakke**, vi holder drikke.



*Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00*

DEN NORSKE KYRKJA
Odda sokn



Hardanger Folkeblad – først og fremst
tlf. 53 65 06 20

Varmhjarta, tilgjeving, kjærleik - kjerneord i livet.
Vakre ord - på nynorsk!
Kjøp den nye bibelen på nynorsk!
Odda Mållag

RF Radio Folgefonn
Hardanger & Voss
www.radiofolgefonn.no

EUROSKO
ODDA
Nederst i Gågata
tlf. 53 64 10 12

INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING
HØYER ODDA a.s
tlf. 53 64 80 80
post@hoyer-odda.no

Coop marked
Røldal - tlf. 53 64 71 26

Einar Reisæter AS
elekt. forretn. install.
Eitrheimsv 1, 5750 Odda
tlf. 53 64 13 33

TERJE STORHAUG
barne- ungdoms- og herreklær
tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim
Byggn.tekn.kons.
Skare
stokheim@online.no
mob. 958 71 277

Røldal Bygdeteneste
5760 Røldal, tlf. 941 52 656
Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal

ODDA KOMMUNE
Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.
www.odda.kommune.no

Sparebanken Vest
*EIN STABIL OG TRYGG BANK*
**AVD. ODDA – 53 64 95 00**

# Kubekryss




A : Regnskjerm ■ Par
B : Bevis ■ Tullprat ■
C : Gløde ■ På nedsida
D : Humre ■ Plagg på toppen ■ Ulldott
E : Uran ■ Svovel ■ Radon ■ Gull

F : Markus 4,1–20 ■ 50 på romersk
G : ■ Troll ■ Show
H : Dessert ■ Kilo ■ Alfa ■ På den tida ■
I : Ting ■ Pålegg
J : Skipskropp ■ Rundt ■ Omega

K : Bibelsk brevskribent ■ Romstasjon
L : Omvendt av ingen ■ Grunn
M : Frost ■ Forme jern ■ Kroner
N : Kain-bror ■ Tresort ■ Null
O : 3,14 ■ Vase ■ To like

JERNIA Odda
Postboks 353, 5751 Odda
tlf. 53 64 22 88

VEBENSTAD ELEKTRO
tlf. 53 64 40 10

Oddaprodukt AS
tlf. 55 09 28 88

SpareBank 1 SR-BANK
tlf. 02002

Meusburger malermester as
tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE
Torkelsen
tlf. 53 64 24 80
torkelsen@fargerike.no

Odda Energi
Sentralbord: 53 65 05 00
www.oddaenergi.no

Odda begravelsesbyrå & Digranes blomster
Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99
53 64 20 00
Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50
fax 53 64 23 81
www.digranes.no

ODDA MEKANISKE VERKSTED AS
Postboks 144, 5751 Odda
post@omv.as tlf. 53 64 00 40
VD ENGINEERING AS
Postboks 392, 5751 Odda

Odda Rutebuss AS
Tyssedalsvn. 8 - 5750
1Odda
tlf. 53 64 18 65
fax 53 64 23 91

Tømring - Forskaling
Rehabilitering - piper - fliser
SVEIN MYRHEIM
5760 Røldal
tlf. 53 64 73 13 / 90 80 14 01

HARDANGER BILSKADESERVICE
OPPRETTING – LAKKERING – SERVICE
Odda,tlf. 53 64 40 22

SKARE SAGBRUK AS
tlf. 53 00 44 24

jt TVEIT
tlf. 53 64 56 12

Odda Grillen
tlf. 53 64 40 87


## Avgjerda til sjefen

«Søndag stengt - det har sjefen bestemt!»

Slik stod å lese på ein plakat utanfor Fretex-utsalet i Lyngdal. Med ein glimt i auget peikar ein på at dette med ein dag som er annleis enn andre dagar, er både ein del av skaparordninga og eit godt folkehelsetiltak. Karsten Isachsen skreiv ein gong på 1970-talet at nordmenn ikkje lenger held kviledagen heilag; dei kvileheld heilagdagen. I vår tid gjer ein ikkje nokre av delane.

Det skal finnast forsking som viser at arbeid og kvile i forholdet 6:1 er gunstig òg når det gjeld helsa for elles friske menneske. Stresslidingar og for tidleg død er eit kjent fenomen blant folk som lever i eit veldig høgt tempo over lang tid og ikkje unner seg sjølv ro og avkopling. Når «sjefen» bestemde at det skulle vere ein dag som er annleis enn andre dagar, var det ikkje berre for at kroppen skulle få kvile, men også for at sinnet, tanken og sjela skulle få sitt. KPK

## Den viktigaste rikdomen

Ein tysk prest levde svært enkelt og spartansk. Likevel hadde han fått ord på seg for å ha samla ei formue. Presten hadde ikkje oppgidd noko formue i sjølvmeldinga, og blei derfor oppsøkt av likningskontoret med spørsmål om kor stor formuen var.

«Eg har god helse og det er ein rikdom som er viktigare enn noko anna. Eg har ei god hustru og friske barn, ei gåve frå Herren som gjer rik.» Han får så spørsmålet: Eig du ikkje meir? «Jo, eg eig borgarskap i Guds rike. Den Heilage Ande har gitt meg visse i hjartet om at eg er eit Guds barn.» Likningsfunksjonæren seier, «Eg forstår at du er ein rik mann, men denne rikdomen kan ikkje skattleggjast.» Denne rikdomen er viktigare enn noko anna, og spørsmålet er kor stort vi ser på den. Vi må be om å få sjå denne åndelege rikdomen i eit nytt lys. «Gud, du er rik! Din godvilje er stor. Di miskunn tek ikkje slutt -.» KPK

# Ein himmelsk veneførespurnad!

Av: Boe Johannes Hermansen, misjonskonsulent i Normisjon.
Preiketekst: Johannes 15,13-17

Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine. De er venene mine så sant de gjer det eg byd dykk. Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrt av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre!

Jesus sender ut veneførespurnad, ikkje på Facebook, men gjennom sitt ord: Vil du bli min ven? Kan eg få dele alt mitt med deg?
Ein skulle tru at det er dei elskverdige, dei snille og gode han inviterer. Evangelia fortel noko heilt anna. Det er nok å sjå på Jesu disippelflokk, som bestod av reddharar, menneske som svikta, falt og sovna.

Saka er at Gud elskar kvart einaste menneske, den gang og i dag. Han har sendt sin eigen son til verda for å gjere godt igjen det vi har øydelagt. Han har forlikt oss, forsona oss med Gud, gjennom Jesu avløysande liding, død og oppstode.

Det er på dette grunnlaget Jesus inviterer til venskap. «De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk». Hans inderlege ynskje er å ha eit personleg, levande forhold der han deler alt med oss, og vi kan dela alt med Han. Han vil alltid høyre, lytte, ja svare. Slik han ser det er til beste for oss.

Leste vi ikkje at han òg stiller krav: «De skal elska kvarandre, som eg har elska dykk»? Men dette er ingen tung plikt. Det vi skal gje vidare, er det han gjev og vi tar imot, nemlig Kristi kjærleik. Vi er verken slavar eller tenarar, men hans vener, som skal bere frukt som varar.

Samtidig er dette en dagleg kamp. Fordi det inneber at eg må seie nei til mitt eige liv og ja til hans. Hele tida må eg læra kva som er sann og ekte kjærleikt. Og at Gud sine bod alltid er gode.

Vi kan slette kvarandre frå Facebook, vi kan gi kvarandre opp som vener. Kristus vil i staden ta oss til seg i nåde, utdjupa og forsterka sitt venskap med oss. Det gjer han, om vi ikkje trekk oss unna, men kjem til han og blir hos han.

Til sist: Avslå ikkje invitasjonen til å bli Jesu ven. Begynn dei fyrste vaklande skritt på trua sin veg, i dag!



Solnedgangen i Ålesund

## Svar på kubekryss






## Vennskap

Hva jeg søker i vennskapet
Nesten ingenting og likevel mer
enn jeg kan finne alene. For ennu leter jeg
og jeg søker ikke lenger trøst og trygghet
ikke engang bekreftelse søker jeg
Det har jeg fått eller stjålet som barn
Det forsøker jeg å gi mitt eget barn
Jeg er langt over førti år
Det er ikke mere å hente av slike ting
Min ensomhet blir ikke mindre av å støtte seg
til andres

Hva er det da jeg søker
Jeg går og bærer på biter av visdom
brokker av mening, ilanddrevne skår av
skjønnhet, bruddstykker som ikke passer sammen
Og det jeg søker er noe som stemmer med mine
funn, de få og forferdende øyeblikk
da mine ord og en annens ord
plutselig faller på plass i hverandre
Og jeg ser mer enn jeg kan se alene
Jeg ser!

Stein Mehren, f. 1935,
norsk forfatter og billedkunstner.

# Døypte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje
05.06.16 *Åsne Hagen*
*Tiril Hagen*
26.06.16 *Oliver Måkestad Myrvoll*
31.07.16 *Nora Larsen Hovland*
14.08.16 *Emma Svenning Hølland*
11.09.16 *Olivia Ramsdal*

Røldal kyrkje
29.05.16 *Trygve Sandal Turtveit*
*Ånund Seljestad*
16.07.16 *Lilly Nybø*
11.09.16 *Olav Skavlid*

Skare kyrkje
17.07.16 *Thea Bryn Tokheim*

# Vigde

Odda kyrkje
11.06.16 *Yngve Johnsson og Åshild Strand*
18.06.16 *Kathrine Måkestad og Arild Vines*
*Olav Harald Brekke og Marita Hope*

Røldal kyrkje
09.07.16 *Anne Grete Hamre og David Wauthier Moss*

Skare kyrkje
30.07.16 *Karianne Syse Vik og Jens Vegard Kvålsett Holmberg*

# Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda
*Bjørg Melstveit* f. 1932
*Bjarne T. Sandvin* f. 1934
*Ola J. Hagen* f. 1942
*Målfrid Hereide* f. 1922
*Berit H. Helgestad Johansen* f. 1943
*Gunvor Marie Johannessen* f. 1924
*Marta Grimestad Kollbotn* f. 1927
*Solveig Kvalvik* f. 1921
*Ingrid Sofie Kleppestø* f. 1922
*Berit Haga* f. 1923
*Gyda Eriksen* f. 1938
*Håkon Rosseland* f. 1928
*Torild Karin Andersson* f. 1952
*Inger Johanne Rasmussen* f. 1934
*Randi Seim* f. 1925
*Turid Kindem* f. 1938
*Astrid Opheim* f. 1930
*Gerda Ystanes* f. 1930
*Violet Irene Espeland* f. 1935
*Ingvard Leivestad* f. 1941
*Arne Midtbø* f. 1943

Røldal
*Einar Otelius Danielsen* f. 1930
*Ingeborg O. Lynghamar* f. 1920
*Knut N. Hagen* f. 1926
*Kaia Øyna* f. 1922

Skare
*Torstein Edgard Nondal* f. 1953

Tyssedal
*Svein Inge Halland* f. 1974



B-BLAD **Fulldistribusjon**

## GUDSTENESTELISTA

**16. okt - 22. søn. i treenighetstida**
Odda kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste
Røldal kyrkje kl. 16.00
Familiegudsteneste

**23. okt - 23. søn. i treenighetstida**
Tyssedal kirke kl. 11.00
Familiegudsteneste

**30. okt - bots- og bededag**
Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 11.00

**5. nov - lørdag**
Berjaflot kapell kl. 16.00
Minnegudsteneste

**6. nov - allehelgensdag**
Odda kyrkje kl. 11.00
Skare kyrkje kl. 11.00

**13. nov - 26. søn. i treenighetstida**
Røldal kyrkje kl. 11.00
Tyssedal kirke kl. 17.00

**20. nov - domssøndag**
Odda kyrkje kl. 11.00

**27. nov - 1. søn. i advent**
Odda kyrkje kl. 11.00
LysVaken
Røldal kyrkje kl. 11.00
Minnegudsteneste

**4. des - 2. søn. i advent**
Skare kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 18.00
Ljosmesse

**11. des - 3. søn. i advent**
Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 11.00
Tyssedal kirke kl. 18.00
Lysmesse

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

**Tysdagsbøn**
i Odda kyrkje kl. 12.00

**Ynskjer du hjelp** til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?
Fredagen før gudstenesta innan klokka 12.00:
Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**

**Fellesbøn**
(økumenisk bøn)
på **Odda Bedehus**
**kvar laurdag klokka 10**

**Kyrkjeskyssen i Røldal**
ring **95 95 11 11**

**Kirkens SOS**
FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40

ODDA
TRYKK & REKLAME
Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30
**www.oddatrykk.no**